



Kvalitetsstandard for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vågå kommune

Revidert november 2023

Innhald

1	Innleiing	4
2	Tenestetilbod	5
2.1	Førebyggjande heimebesøk	5
2.2	Formål.....	5
2.2.1	Praktiske spørsmål:	5
2.3	Tryggleiksalarm og andre velferdsteknologiske hjelpemiddel	5
2.3.1	Lovheimel:.....	5
2.3.2	Om tenesta	5
2.3.3	Målsetting.....	6
2.3.4	Vilkår for å få tenesta	6
2.3.5	Kva kan brukar forvente av tenesteytar:	7
2.3.6	Våre forventningar til brukar:.....	7
2.3.7	Praktiske spørsmål:	7
2.4	Matombringing.....	7
2.4.1	Lovheimel:.....	7
2.4.2	Om tenesta	7
2.4.3	Målsetting.....	8
2.4.4	Vilkår for å få tenesta	8
2.4.5	Kva kan brukar forvente av tenesteytar:	8
2.4.6	Praktiske spørsmål:	8
2.5	Følgjebevis for funksjonshemma.....	8
2.5.1	Lovheimel:.....	8
2.5.2	Om tenesta	8
2.5.3	Målsetting.....	8
2.5.4	Vilkår for å få tenesta	8
2.6	Dagopphald ved Vågåheimen	9
2.6.1	Lovheimel.....	9
2.6.2	Om tenesta	9
2.6.3	Målsetting.....	9
2.6.4	Vilkår for å få tenesta	9
2.6.5	Våre forventningar til brukar.....	9
2.6.6	Praktiske opplysningar.....	9
2.7	Dagtilbod utanfor institusjon.....	10

2.7.1	Lovheimel:.....	10
2.7.2	Om tenesta og målsetting.....	10
2.7.3	Vilkår for å få tenesta	11
2.7.4	Praktiske opplysningar:.....	11
2.8	Omsorgsbustad (bustad til helse og omsorgsformål) og omsorgsbustad i bufellesskap.....	11
2.8.1	Lovheimel:.....	11
2.8.2	Om tenesta	12
2.8.3	Målsetting.....	12
2.8.4	Vilkår for å få tenesta	12
2.8.5	Vilkår for å få tildelt omsorgsbustad i Moavegen bufellesskap for eldre:.....	12
2.8.6	Vilkår for tildeling av omsorgsbustad ved Eksismoen:.....	13
2.8.7	Praktiske spørsmål:.....	13
2.9	Personlig assistanse- Praktisk bistand, opplæring og støttekontakt	13
2.9.1	Lovheimel:.....	13
2.9.2	Særskilt om praktisk bistand og opplæring.....	14
2.9.3	Særskilt for Brukarstyrt personleg assistent (BPA)	15
2.9.4	Særskilt for støttekontakt.....	16
2.10	Helsetenester i heimen	17
2.10.1	Lovheimel:.....	17
2.10.2	Om tenesta- heimesjukepleie	17
2.10.3	Om Psykisk helseteneste	18
3	Pårørandestøtte og avlastningstiltak	19
3.1.1	Lovheimel:.....	19
3.1.2	Om tenesta	19
3.1.3	Vilkår for å få tenesta	20
3.1.4	Praktiske opplysningar:.....	20
3.1.5	Omsorgsstønad.....	20
3.1.6	Lovheimel:.....	20
3.1.7	Om tenesta	20
3.1.8	Målsetting.....	20
3.1.9	Vilkår for å få tenesta	20
3.1.10	Våre forventningar til brukar:.....	20
3.1.11	Praktiske opplysningar.....	21

3.2	Korttidsopphald	21
3.2.1	Lovheimel:.....	21
3.2.2	Om tenesta	21
3.2.3	Målsetting.....	21
3.2.4	Vilkår for å få tenesta	21
3.3	Kvardagsrehabilitering	22
3.3.1	Målsetting med kvardagsrehabilitering.....	22
3.3.2	Vilkår for å få tenesta	22
3.3.3	Praktiske spørsmål	22
3.4	Langtidsopphald og bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester	22
3.4.1	Lovheimel:.....	22
3.4.2	Om tenesta	22
3.4.3	Målsetting.....	23
3.4.4	Vilkår for å få tenesta	23
3.4.5	Praktiske spørsmål:	23
4	Link til relevant litteratur for brukar og pårørande:.....	23

1 Innleiing

Dette dokumentet er meint å presisere korleis Vågå kommune ynskjer å tilby sine helse- og omsorgstenester. Vi ynskjer å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i myndigheitskrav, faglege og juridiske vurderingar, og politiske prioriteringar.

Målet for helse- og omsorgstenesta i Vågå kommune er å tilby tenester av god kvalitet på beste effektive omsorgsnivå (BEON-prinsippet).

Kommunene har etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1, ansvar for å sørge for nødvendige helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, både personar med fysiske helseproblem/sjukdom, psykisk lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Loven gjev ikkje brukar rett til ein bestemt teneste, som til dømes opphald i sjukeheim. Det er opp til kvar enkelt kommune å vurdere kva hjelp som er nødvendig og i Vågå kommune vil tildeling skje etter BEON-prinsippet.

2 Tenestetilbod

2.1 Førebyggjande heimebesøk

Vågå kommune har ei lovpålagt plikt om å drive førebyggjande og helsefremjande arbeid. Målet med Førebyggjande heimebesøk er å førebyggje funksjonssvikt og bidra til at innbyggjarane skal klare seg lengst mogleg i eigen heim.

Dette er eit tilbod til alle frå 65 år og oppover, som ikkje mottek kommunale helse- og omsorgstenester frå før.

Vågå kommune organiserer tilbodet i tråd med Rundskriv frå helse- og omsorgsdepartementet I-2/2016.

2.2 Formål

Hensikta med heimebesøket er å kartleggje utfordringar i busituasjonen og kvardagen, med tanke på at eldre skal bu lengst mogleg i eigen heim og oppleve mestring i kvardagen. Tiltaket har som mål å unngå eller utsette behovet for tenester.

2.2.1 Praktiske spørsmål:

Kontakt Vågå kommune ved folkehelsekoordinator for meir informasjon eller for å avtale ei samtale.

Førebyggjande heimebesøk blir definert som helsehjelp og skal journalførast i høve til Helsepersonelloven § 3. Tilbodet er omfatta av teieplikta.

2.3 Tryggleiksalarm og andre velferdsteknologiske hjelpemiddel

2.3.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Velferdsteknologi kan bli innvilga som ei nødvendig helseteneste etter pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 a) andre ledd, til dømes som erstatning for tilsyn frå heimesjukepleia. Viss tenesta ikkje har til formål å dekkje pasienten sitt behov for helse- og omsorgstenester, kan det bli innvilga som servicetilbod med eigenbetaling etter sjølvkostprinsippet.

2.3.2 Om tenesta

Vågå kommune nyttar velferdsteknologi som ein del av det samla helse- og omsorgstenestetilbodet. Kommunen tilbyr ulike hjelpemiddel.

Tryggleiksalarm er ei ordning der brukar kan koma i kontakt med heimetenesta i ein akutt situasjon der ein treng hjelp, men ikkje kan nytte telefon. Vågå kommune kan kople på andre tryggleiksskapande sensorar, som døralarm (varslar når ytterdør opnar seg) og røyksensor.

Hjelpemiddel som medisindispenser (Evondos) og KOMP Pro kan bli tildelt etter individuell vurdering.

Andre velferdsteknologiske hjelpemiddel kan bli innvilga etter vurdering.

I tillegg kan personer ha rett på digitale hjelpemiddel gjennom hjelpemiddelsentralen. Ergoterapeut gjer vurdering av behov og bistår med søknad.

2.3.3 Målsetting

Velferdsteknologi skal bidra til auka tryggleik, meistring grad av sjølvstendigheit, sosial deltaking, og livskvalitet.

2.3.4 Vilkår for å få tenesta

Heimebuande kan bli tildelt tryggleiksalarm som servicetilbod ut i frå desse kriteria:

- Kjenner seg utrygge.
- Evner å forstå bruken av alarm.
- Bur aleine/lite sosialt nettverk.

Tryggleiksalarm og andre hjelpemiddel kan i særskilte høve bli innvilga som helsehjelp:

- Tryggleiksalarm eller andre hjelpemiddel kan etter ei konkret vurdering basert på pasienten sin helsetilstand og funksjonsevne bli innvilga som helseteneste i heimen. Tenesta vil i slike tilfelle være vederlagsfri.
- Pasienten er ikkje er i stand til å bruke telefon.
- Tryggleiksalarman kan erstatte tilsyn frå heimetenesta

Vilkår for å få tildelt mobil tryggleiksalarm:

- Det er vurdert at digital tryggleiksalarm ikkje er tilstrekkeleg for å ivareta personen sin tryggleik. Det vil bli gjort ei risikovurdering i den enkelte sak ut i frå fallfare og orienteringsevne.
- Brukar eller nærstående tek ansvar for lading av alarman.
- Evner å forstå bruken av alarman.

Særskilte vilkår for å få tildelt Medisindispenser som helsehjelp:

- Heimebuande personar med vedtak om bistand til medikamenthandtering, og som har:
- Problem med å hugse å ta medisin, til rett tid.
- Evner å forstå instruksjon (frå dispenseren).
- Fungerande høyrsel og syn til å oppfatte at dispenseren gir varsel.
- Ønskje om minst mogleg bistand frå heimetenesta.
- Ønskje om å bli meir sjølvstendig og auka livskvalitet.
- Behov for å være ute på reisefot eller sjølv kan meistre å nytte dispenserens "reisefunksjon".
- Ønskje om å ta medisin.
- Tendens til å ta for mykje medisin.

Særskilte vilkår for KOMP Pro som helsehjelp (for heimebuande):

- Blir tildelt uavhengig av alder og diagnose.
- Personer med liten moglegheit til sosial kontakt og dette påvirker brukaren sin helsetilstand/funksjonsnivå.
- Behov for bistand med planlegging, oppfølging og utføring av daglege gjeremål eller treningsopplegg.
- Fungerande høyrsel og syn til å oppfatte varsel frå Kompen.

Vilkår for tildeling av KOMP Pro som servicetilbod:

- Der KOMP Pro ikkje er vurdert å dekkje helsehjelp i heimen, kan det etter individuell vurdering bli innvilga som servicetilbod med eigenbetaling.
- Pasientar som bur åleine, kjenner seg utrygge og ofte kontaktar heimetenesta vil bli prioritert.
- Fungerande høyrsel og syn til å oppfatte varsel frå Kompen.

KOMP Pro som helsehjelp i institusjon blir vurdert av avdelingsleiar på Vågåheimen etter følgjande kriterie:

- Bebuar kan i særskilte høve få sin eigen KOMP Pro der pasienten har liten moglegheit til sosial kontakt og dette påvirker brukaren sin helsetilstand/funksjonsnivå.

2.3.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- At heimetenesta umiddelbart etter å ha fått melding om utløyst tryggleiksalarm tek kontakt med brukar på telefon eller heimebesøk om ein ikkje får kontakt med brukar på telefon. Heimesjukepleia reiser til brukar så snart som mogleg og har som mål å være der innan 30 minutt.

2.3.6 Våre forventningar til brukar:

- Brukar må godta å få montert nøkkelboks ved inngangsdøra.
- Brukar må bera alarmer på seg heile døgnet.
- Erstatte alarmer/utløysaren om han/ho mistar den eller øydelegg den med vilje.

2.3.7 Praktiske spørsmål:

Det blir krevd eigenbetaling for velferdsteknologi der det er vurdert at det ikkje er ei *nødvendig* helseteneste.

Tryggleiksalarmen er kopla opp mot Nord- Gudbrandsdal Lokalmedisinske senter (NGLMS), som tek kontakt med Heimesjukepleia eller andre, til dømes pårørande etter avtale. Heimesjukepleia har ansvar for å kontakte brukaren.

2.4 Matombringning

2.4.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste og tenesta blir innvilga som eit servicetilbod. Kan etter individuell vurdering bli innvilga som nødvendig helsehjelp. Matombringning som nødvendig helsehjelp kan bli gjeve til personer som er kartlagt og har risiko for underernæring, eller treng bistand med å ivareta forsvarleg ernæringstilstand.

2.4.2 Om tenesta

Personar som ikkje greier å lage middag sjølve, kan få tilkøyrt varm mat frå kjøkkenet på Vågåheimen, eller at maten blir levert kald og blir varma opp heime hjå personen.

Det kan leverast mat for inntil 7 dagar pr. veke og gjennom heile året. Maten blir levert varm eller kald, i porsjonspakkar. Tilbodet blir gjeve i stuttare eller lengre periodar.

Om det blir tildelt enkeltmåltider som frukost og eller kveldsmat blir desse fakturert etter sjølvkostprinsippet.

2.4.3 Målsetting

Matombringning skal medverke til at heimebuande som ikkje er i stand til å lage middag sjølve får tilstrekkeleg ernæring.

2.4.4 Vilkår for å få tenesta

Heimebuande som ikkje er i stand til å ivareta sitt ernæringsbehov på grunn av fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming.

2.4.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

Får levert mat ut i frå behov, til dømes diabetes eller findelt mat ved tannhelseproblem.

2.4.6 Praktiske spørsmål:

Det er eigenbetaling for matombringning og satsen står i enkeltvedtaket. Sats blir justert årleg og vedteke av kommunestyret.

Det er ikkje mogleg å bestille ekstra porsjon til gjester.

2.5 Følgjebevis for funksjonshemma

2.5.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

2.5.2 Om tenesta

Følgjebevis er eit tilbod til personar med funksjonsnedsetting som treng følge på ulike aktivitetar, til dømes buss, kino og konsert.

Følgjebeviset gjev den som følgjer personen med funksjonsnedsetting gratis inngang til kultur- og fritidsarrangement og transportmiddel som personen med funksjonsnedsetting ikkje har moglegheit til å delta på utan assistanse frå ledsager.

Følgjebeviset blir utstedt til personen med funksjonsnedsetting.

Funksjonsnedsetting tyder tap eller skade på ein kroppsdel eller i en av kroppen sine funksjonar. Dette omfattar fysisk, psykiske og kognitive funksjoner ¹.

2.5.3 Målsetting

Ordninga er eit virkemål for auka deltaking og likestilling i samfunnet ved at personer med funksjonsnedsetting får med seg ledsager utan ekstra kostnad.

2.5.4 Vilkår for å få tenesta

- Varig funksjonsnedsetting, minimum 2 år.
- Tildeling av følgjebevis til personar under skulealder skjer etter særskild vurdering. Dette i samsvar med rettleiar frå Bufdir: *"For barn under skulealder må det dokumenteres at barnet har et større ledsagerbehov enn det som hadde vært tilfelle dersom barnet ikke hadde en funksjonsnedsettelse, og at det derfor påløper*

¹Frå Bufdir "Veiledende nasjonale retningslinjer for ledsagerbevis for funksjonshemmede"

*ekstrautgifter, sammenlignet med jevnaldrende som deltar på samme type aktiviteter."*²

Naturleg alderdomsvekking utan anna funksjonshemming gjev ikkje grunnlag for å få tildelt tenesta.

2.6 Dagopphald ved Vågåheimen

2.6.1 Lovheimel

Dagopphald i institusjon kan bli tildelt med heimel i Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 6 b) som omhandlar personlig assistanse (herunder bistand til aktivitet og opplæring), eller Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav d-avlastningstiltak.

2.6.2 Om tenesta

Dagopphald er eit tilbod for heimebuande eldre som av helsegrunnar ikkje kan nytte seg av andre aktivitetstilbod i kommunen.

Brukaren får tilbod om transport til og frå Vågåheimen og to måltid på Vågåheimen. Brukaren kan få tilbod om å delta på sosiale aktivitetar, hjelp til personleg hygiene og samvær med andre.

2.6.3 Målsetting

Dagopphald ved Vågåheimen skal bidra til at eldre som bur heime får ein meningsfull kvardag.

Dagopphald ved Vågåheimen har som formål at eldre kan bu heime lenger og utsette eller forhindre opphald på sjukeheim. Det kan i enkelte tilfelle vere eit viktig tilbod for å førebyggje funksjonssvikt.

2.6.4 Vilkår for å få tenesta

- At brukar på grunn av fysisk eller psykisk funksjonssvikt ikkje kan delta på andre aktivitetstilbod, som til dømes Frivilligsentralen.
- Har behov for hjelp til å komme seg ut av heimen for å få ein meningsfull kvardag.
- Har behov for aktivisering og fellesskap.
- Har behov for dagtilbod på grunn av at pårørande er i arbeid eller har behov for avlastning.

2.6.5 Våre forventningar til brukar

At brukar varslar Vågåheimen så snart som rå om han ikkje kan delta på dagtilbodet. Brukar må melde avbod seinast dagen før.

2.6.6 Praktiske opplysningar

Det er eigenbetaling for dagopphald ved Vågåheimen og satsen står i enkeltvedtaket. Satsane blir justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Tenesta blir tilbudt på dagar med fast bemanning på aktivitetsstua ved Vågåheimen.

² Frå Bufdir "Veiledende nasjonale retningslinjer for ledsagerbevis for funksjonshemmede"

2.7 Dagtilbod utanfor institusjon

2.7.1 Lovheimel:

Dagtilbod er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan bli tildelt med heimel i Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 6 b som omhandlar personlig assistanse (herunder bistand til aktivitet og opplæring), eller Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav d-avlastningstiltak.

2.7.2 Om tenesta og målsetting

Vågå kommune tilbyr dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens, personar med psykisk funksjonshemming og personar med psykisk lidning.

- Dagtilbod har som målsetting at brukar skal få moglegheit til eit aktivt og meningsfull tilværelse samvær med andre ut i frå eigne føresetnader.
- Dagtilbodet skal bidra til ein meningsfull kvardag.
- Dagtilbodet kan bidra til å utsetja opphald i institusjon.
- Dagtilbodet kan bidra til å avlaste omsorgsytar.

2.7.2.1 Dagtilbod til heimebuande med demens- «Grøn omsorg»

Tenesta skal bidra til å utsetje utvikling av sjukdom, halde ved like funksjonar, avlaste pårørande og auke trivselsnivået til den sjuke.

Henting/bringing skjer til og frå heimen til brukaren, med Vågå kommunes skyssteneste eller ved at brukar har privat skyss.

Brukarane blir aktiviserte med turgåing, innetrim, dans, hobbyverksemd, snikring, matlaging eller baking.

Dagtilbod 4 dagar i veka. (måndag, tysdag, torsdag og fredag)

Tidsrom det kan bli gjeve dagtilbod – 1000 – 1445. Køyring er ein del av tilbodet.

2.7.2.2 Dagtilbod til personar med utviklingshemming

Tenesta er eit tilbod til personer over 18 år som har medfødde eller erverva skader – frå lettare grad til multifunksjonshemming.

Dagtilbodet skal leggje til rette og gjennomføre aktiviteter i samarbeid med brukaren, utifrå individuelle evner, behov og interesser. Dagaktiviteten skal sikre høve til utvikling og meistring, og medverke til tryggleik og eit meningsfylt liv.

Dagtilbod kan innvilgast opp til fire dagar i veka mellom kl. 0900 – 1500 måndag til torsdag. Dette kan til dømes vera arbeidstrening, fysisk trening eller sansestimulering. Nokre av brukarane av dagsentertilbodet er enten åleine eller i lag med personale i lokale bedrifter som miljøstasjonen og vaskeriet på Vågåheimen. Sosiale aktivitetar som song, spel, hobbyaktiviteter og turngrupper arrangerast med jamne mellomrom. Brukarane av tenesta får ei liten sum i oppmuntringspengar. Om det påløper ekstrautgifter ved ei dagaktivitet må den enkelte brukaren av tenesta dekke det sjølv.

Dagtilbodet «Inn på tunet» blir koordinert via denne tenesta. Personalet i bustaden organiserar dagaktivitetar for bebuarane fredagar. Dette er som oftast eit tilbod om ein tur i

utmark eller anna ut i frå brukarane sine interesser. Det vil bli arrangert turar der heimebuande blir invitert med.

2.7.2.3 Dagtilbod til personar med psykiske lidningar

Dagtilbodet skal bidra med motivasjon, hjelp og støtte til å meistre utfordringar i kvardagen gjennom å etablere sosiale fellesskap og utvikle tryggleik i samvær med andre. Dette blir gjort gjennom ulike tiltak:

- Fysisk trening / friluftaktivitetar
- Hobbyaktivitetar
- Sosial trening individuelt og /eller som gruppetilbod.

Aktivitetane er individuelt tilpassa og kan også vurderast å gå føre seg i heimen.

Målet er å bidra til ein meiningsfull kvardag og dermed betra livskvalitet.

2.7.3 Vilkår for å få tenesta

Det vil bli gjort ei individuell vurdering av kva teneste som er fagleg forsvarleg og best egna i samråd med brukar. Det er ikkje rettskrav på dagtilbod utanfor institusjon og kommunen vil i vurderinga legge til grunn tilgjengelege ressursar.

Brukarar med langtidsopphold i institusjon vil som regel ikkje bli prioritert ved tildeling av dagtilbod utanfor institusjon.

Dagtilbod til personar med demens:

- Brukar må ha ein viss fysisk funksjon og vurderte av demenssjukepleiar i kommunen. Vurdering av fastlege og demenssjukepleiar. Brukarar med pårørende som har behov for avlastning.

Dagtilbod til personar med psykisk utviklingshemming:

- Brukar med behov for å auke eigenomsorg fysisk, psykisk eller sosialt.
- Brukar må ha behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter.
- Brukarar med pårørende som har behov for avlastning.

2.7.4 Praktiske opplysningar:

Det er eigenbetaling for kommunal transport til og frå dagtilbodet og satsen står i enkeltvedtaket. Sats blir justert årleg og vedteken av kommunestyret. Det blir ikkje gjeve godtgjersle om brukar har privat skyss. Transport er gratis for brukarar som har innvilga tenesta som avlastningstiltak.

2.8 Omsorgsbustad (bustad til helse og omsorgsformål) og omsorgsbustad i bufellesskap

2.8.1 Lovheimel:

Kommunen sitt ansvar er regulert i Lov om kommunenes ansvar for det boligsosiale feltet. I loven § 6 står det at kommunen skal gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden. I forarbeid til loven (Prop. 132 L(2021-2022)) er det presisert slik: *"Med tilpassede boliger menes boliger med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonsnedsettelse, rus- og/ eller psykiske lidelser eller av andre årsaker. Dette omfatter blant annet boliger som er særlig tilpasset personer som er avhengig av*

rullestol, eller boliger som på grunn av sin utforming, innredning og beliggenhet er særlig egnet for eldre eller personer med rus- og/eller psykiske lidelser."

2.8.2 Om tenesta

Omsorgsbustad inneber tilbod om bustad med husleigekontrakt og brukar får ikkje automatisk tilgang til andre tenester. Tildeling av tenester skjer på bakgrunn av individuell vurdering og enkeltvedtak. Brukar må søkje om tenester på vanleg måte.

Særskilt for omsorgsbustad med døgnbemanning (Finntunet):

Tenesta er eit tilbod til personar med nedsett funksjonsevne eller utviklingshemming, som har behov for tilsyn eller tett oppfølging store deler av døgnet der oppfølging frå heimetenesta ikkje er tilstrekkeleg.

Dei skal ha eit mest mogleg sjølvstendig liv ved å bu i eigen bustad, med bemanning tilgjengeleg når dei treng det.

Om Eksismoen- butilbod for personer med psykiske lidelser og/eller rusavhengighet:

Butilbodet er tidsavgrensa og er for personer som av ulike årsaker treng oppfølging for å oppleve mestring og kunne bu trygt i eiga bustad. Tilbodet omfattar ikkje behandling, men det blir tildelt helse- og omsorgstenester etter individuell vurdering. Det kan gjelde rettleiing eller bistand for å mestre områder som økonomi, daglege gjeremål, ivareta eiga helse, aktivitet og nettverk.

2.8.3 Målsetting

Omsorgsbustaden skal vere til hjelp for at brukaren skal klare seg best mogleg sjølv, føle seg trygg og at offentleg teneste skal vere lett tilgjengeleg.

2.8.4 Vilkår for å få tenesta

Omsorgsbustad blir tildelt etter individuell vurdering med utgangspunkt i søkjaren si funksjonsevne, sjukdom og/eller alder.

Søklarar blir prioriterte ut i frå om:

- Eigen bustad er ueigna, og vanskeleg å tilretteleggje.
- Brukar kan oppretthalde og/eller betre sine funksjonar og sjølvstende ved å flytte til omsorgsbustaden.
- Funksjonsnivå og livskvalitet kan bli betre ved auka tryggleik og nærleik til tenester.
- Det sosiale nettverket er lite og fører til isolasjon.
- Personar med fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming som treng å bu i bustad med tilgjengeleg personell.

Personar som ikkje har bustadadresse i Vågå kommune vil bli vurdert, men innbyggjarar i Vågå kommune vil bli prioriterte.

2.8.5 Vilkår for å få tildelt omsorgsbustad i Moavegen bufellesskap for eldre:

- Søklar er over 65 år
- Har behov for høgare omsorgsnivå enn ordinær bustad/omsorgsbustad.
- Har ønske om å bidra til fellesskap i lag med øvrige bebuarar.
- Har ønske og nytte av gruppebasert tenestetilbod, som ved måltid og sosialt samvær, i form av t.d. aktivtør eller støttekontakt.

- Er villig til å ta i bruk velferdsteknologi ved behov, for å auke sjølvstendigheit og livskvalitet.
- Har ikkje behov for hyppig eller kontinuerlig tilsyn. Ikkje behov for døgntilsyn.
- Brukaren oppfyller kriterie for omsorgsbustad:
- Eigen bustad er ueigna, og vanskeleg å tilretteleggje.
- Brukar kan oppretthalde og/eller betre sine funksjonar og sjølvstende ved å flytte til omsorgsbustaden.
- Funksjonsnivå og livskvalitet kan bli betre ved auka tryggleik og nærleik til tenester.
- Det sosiale nettverket er lite og fører til isolasjon.

2.8.6 Vilkår for tildeling av omsorgsbustad ved Eksismoen:

- Har behov for høgare omsorgsnivå enn ordinær bustad.
- Har ønskje om og nytte av tilrettelagt bumiljø og miljøarbeid for å bli mest mogleg sjølvstendig. Personen må samtykke til å motta nødvendige helse- og omsorgstenester frå personale i Eksismoen.
- Har ikkje behov for hyppig eller kontinuerlig tilsyn. Ikkje behov for døgntilsyn.
- Har behov for bistand til støtte og mestring, men ikkje døgntil behandling da dette ligg til spesialisthelsetenesta.
- Butilbodet er tidsavgrensa der målet er at bebuar skal over i ordinær bustad eller anna kommunal leilighet.
- Fyller elles vilkår for tildeling av tilrettelagt bustad.

2.8.7 Praktiske spørsmål:

Om brukar takkar nei til tildelt bustad vil ikkje brukar få nytt tilbod, men saken blir avslutta og brukar må søkje på nytt. Brukar har ikkje anledning til å søkje på ein bestemt omsorgsbustad etter lokalisering, men kommunen tildeler den bustad som er ledig og best egna. Kommunen har ei prioriteringsliste, der vi ved tildeling gjer ei behovsvurdering.

Teknisk sektor i Vågå kommune har ansvar for bustaden og leigeforholdet.

Husleigesats etter gjeldande regulativ, som årleg blir vedteke av kommunestyret.

Brukar har rett til å søkje om **bustøtte**, som er ei behovsprøvd statleg støtteordning for personar med låg inntekt og høge bukostnader. Husbanken og kommunen samarbeider om bustøtteordninga. Husbanken fattar vedtaka, men det er kommunen som behandlar søknadene og har all kontakt med søkjar. Ta kontakt med servicetorget, telefon 61 29 36 00 for hjelp og rettleiing.

2.9 Personlig assistanse- Praktisk bistand, opplæring og støttekontakt

2.9.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav b).

I lova står det at kommunen skal tilby personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt.

Vågå kommune organiserer praktisk bistand og opplæring på ulike måter og dette blir presisert i vedtaket. Det vanlige er:

- Praktisk bistand til daglige gjeremål- heimehjelp
- Opplæring i daglige gjeremål

- Tenester organisert som brukarstyrt personlig assistanse (BPA) eller personlig assiastanse (PA) utan brukarstyring.
- Støttekontakt

2.9.2 Særskilt om praktisk bistand og opplæring

2.9.2.1 Om tenesta

Praktisk bistand og opplæring er ei teneste til personar som har behov for hjelp og støtte i dagliglivets gjeremål.

2.9.2.2 Målsetting

Praktisk bistand og opplæring skal bidra til at personar med nedsett funksjonsevne skal bli mest mogleg sjølvhjulpen og få nødvendig hjelp slik at brukaren kan bu heime så lenge det er fagleg forsvarlig. Opplæring skal bidra til at brukar blir i betre stand til å ivareta oppgåvene sjølv og føre til auka livsmeistring.

2.9.2.3 Vilkår for å få tenesta

Søkar må ha eit *særleg hjelpebehov* og vera *heilt* avhengig av praktisk bistand og/eller opplæring i dagleglivets gjeremål.

Praktisk bistand blir som hovudregel ikkje tildelt når det er friske husstandsmedlemmer, som kan ta seg av dei daglege gjeremåla. Det er den samla ressursen i heimen som gjev grunnlag for tenesta.

2.9.2.4 Tenesta omfattar:

Nødvendig reinhald

- Vanleg reinhald av rom som er i dagleg bruk, støvtørk, golvvask, støvsuging og vask av bad/wc.
- Innvendig reinhald av kjøleskap og microbølgeovn ved behov.
- Skifte sengeklede.
- Oppvask av kjøkkenutstyr.
- Bistand til vask av klede i vaskemaskin.
- For reinhald, klesvask og sengeskiift er minstenorm 1,5 time tredje kvar veke. I særskilde tilfelle kan dette avvikast, dette skal da grunngjevast fagleg.
- Det blir gjeve bistand til vask av vindauge innanfor tildelt tidsramme. Brukar må i tilfelle prioritere bort andre oppgåver den aktuelle veka. Under føresetnad av nemnte forhold blir det gjeve bistand til vask av vindauge i rom som er i dagleg bruk, inntil 2 gonger i året, ein på våren og ein på hausten. Utvendig vask av vindauge kan bli gjeve dersom det er vendbart eller lett tilgjengeleg utan hjelpemiddel frå ute.
- Tenesta nødvendig reinhald vert i hovudsak innvilga til kvar 3 veke. Unntak her er dei som ferdast ute i rullestol eller har nedsett immunforsvar.

Ernæring

- Tilrettelegging av måltid for å sikre god ernæring: smørje brødsriver, varme opp ferdiglaga middag.

Nødvendige ærend

- Tenesteytar kan gjere nødvendige innkjøp av daglegvarer. Brukar må opprette konto i butikk.

Personleg stell

- Personleg stell i samarbeid med heimesjukepleia.

Opplæring

- Opplæring og rettleiing i daglege gjeremål
- Planlegging og gjennomføring av daglege gjeremål, bistand til å strukturere kvardagen i dags- og vekeplan.

2.9.2.5 Oppgåver som ikkje inngår i tenesta:

- Hagearbeid.
- Husvask/ storreingjøring.
- Reinhold av rom som ikkje er i dagleg bruk, til dømes gjesterom.
- Huslege oppgåver i forbindelse med gjester og vaksne heimebuande, til dømes skift på seng.
- Hjelp til flytting.
- Førebuing av høgtider.
- Baking.
- Hjelp til stell av kjæledyr.
- Følgje til lege, banken m.v.
- Tenesteytar har ikkje tilgang til å nytte brukaren sitt bankkort i bank eller til bruk ved innkjøp, heller ikkje handtering av kontantar.
- Frakting av søppelsekk.
- Snømåking.
- Bære inn ved.
- Hente posten.

Det vil bli gjort ei individuell vurdering og enkelte oppgåver på lista kan i visse tilfelle bli innvilga. Til dømes der brukar bur aleine og ikkje har pårørande i nærleiken.

2.9.2.6 Praktiske spørsmål:

Eigenbetaling i samsvar til «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester», skjer med bakgrunn i inntektsberekning av den samla nettoinntekta til husstanden før særfrådrag. Til husstanden regnes berre ektefeller eller sambuarar. Og i tillegg barn under 18 år, dersom hjelpa blir gjeve på grunnlag av barnet sitt omsorgs- eller pleiebehov. Inntektsgrensa blir justert etter grunnbeløpet i folketrygda, og vedteke av kommunestyret kvart år.

2.9.2.7 Eigenbetaling:

Det er eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring etter reglar i «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester».

2.9.3 Særskilt for Brukarstyrt personleg assistent (BPA)

2.9.3.1 Om tenesta

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for funksjonshemma med behov for bistand i dagleglivet. Brukarar som oppfyller kriteria i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 bokstav d har krav på å få tenestene organisert som BPA.

Formålet med tenesta vil bli presisert i enkeltvedtaket.

Tenesta er tidsavgrensa frå enkelttimar som er i vekeformat til eit heilt døgn. Dette blir spesifisert i enkeltvedtaket.

2.9.3.2 Målsetting

Målet med ordninga er å medverke til at personar med sterk funksjonshemming eller som har eit stort hjelpebehov får eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv.

2.9.3.3 Vilkår for å få tenesta

- Oppfyller vilkår i pasient- og brukarrettigheitsloven § 2-1 d.
- Søkar si funksjonssvikt og hjelpebehov må vere av ein slik art at det er mest hensiktsmessig å organisere tenesta som BPA og ikkje meir tradisjonelle tenester, som til dømes praktisk bistand og opplæring.
- Har samansette og omfattande behov for tenester, uavhengig av diagnose eller alder.
- Har eit langvarig hjelpebehov.
- Det er ei føresetnad at brukar evner å ivareta arbeidsleiarrolla. Alternativt at brukar har ein person som kan fungere som medarbeidsleiar.

2.9.3.4 Våre forventningar til brukar/ arbeidsleiar:

- At arbeidsleiar signerer avtale med kommunen om ansvarsfordeling og oppgåver.
- At heimen er lagt til rette for at assistenten får eit godt arbeidsmiljø, og eventuelt tek initiativ til eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad.

2.9.3.5 Praktiske spørsmål

Det er eigenbetaling for den delen som omhandlar praktisk bistand og opplæring. Dette vil bli spesifisert i enkeltvedtaket.

Ved midlertidig opphøyr utover ei veke, til dømes ved sjukehusopphald eller ferie, vil tildelte timar falle bort. Brukar har ikkje anledning til å samle opp tildelte timar, kun etter avtale med avdelingsleiar for heimetenesta. Unntak der det i vedtak er innvilga tid til sosial aktivitet/fritid.

Om brukar blir lagt inn på sjukehus eller institusjon blir tenesta, BPA, normalt sett på midlertidig opphøyr umiddelbart.

2.9.4 Særskilt for støttekontakt

2.9.4.1 Om tenesta

Tenesta blir tildelt personar som har behov for støttekontakt på grunn av funksjonsnedstøtte, psykiske lidingar, rusproblem, alder eller sosiale problem.

Tenesta skal:

- Stimulere til sosial aktivitet
- Medverke til nettverksbygging
- Skape glede gjennom samhandling
- Auke fysisk og psykisk livskvalitet
- Være følgje eller hjelp til praktiske gjeremål som til dømes handling

Støttekontakt kan gjevast som treningskontakt. Målet for tenesta vil være å hjelpe til med tilpassa fysisk aktivitet for menneske med særskilde behov.

Tenesta kan bli gjeve individuelt eller i gruppe.

Tenesta skal fungere som «personleg assistanse» og det skal vere stor grad av brukarmedverking og brukarstyring.

Der målsettinga er sosial aktivitet så vil det alltid bli vurdert om tenesta kan bli gjeve i lag med ein annan brukar.

2.9.4.2 Målsetting

Støttekontaktordninga er ei teneste som skal medverke til å auke brukaren si oppleving av livskvalitet gjennom samvær med andre og bidra til å få ei meningsfull fritid.

2.9.4.3 Vilkår for å få tenesta

- Innbyggjar i Vågå kommune.
- Lite, eller ikkje eksisterande nettverk i form av familie og annan omgangskrets.
- Ikkje klarer å nyttiggjere seg dagaktivitetstilbod.
- Lite mobil på eigenhand, kan til dømes ikkje køyre bil og bur avsides.
- Treng følgje til butikk, bank og liknande.
- Behovet for støttekontakt må vere ein form for aktivisering.
- Støttekontakt kan gjevast som behandling av sjukdom, til dømes psykiske lidingar.
- Treningskontakt vert gjeve etter særskilt vurdering med omsyn til behov for trening.
- Bebuar med heildøgnsbemanning blir ikkje prioritert ved tildeling av støttekontakt.

Kriteria for tildeling er ikkje av ein slik karakter at dei ikkje kan omgåast.

Kriterium for å bli støttekontakt:

- For å bli støttekontakt er det krav om politiattest.
- Ha førarkort klasse B, og disponere eigen bil, eventuelt køyre brukars bil.
- Ikkje tidlegare misleghald av tilsvarande tillitsverv i kommunen.
- Ikkje nær familiærrelasjon til den som skal ha tenesta.
- Bør ikkje yte teneste til brukar på anna vis, eller ha annan arbeidsrelasjon til vedkommande.

2.9.4.4 Praktiske spørsmål:

- Den som tek imot tenesta skal berre betale for bilkøyring under tenesteytinga, alle andre utgifter er støttekontaktens eiga ansvar.
- Støttekontakt får betalt timegodtgjersle og utgiftsgodtgjersle per måned, etter framlagt kvittering.
- Støttekontakt får dekt reise til og frå brukar.
- Ved midlertidig opphøyr utover ei veke, til dømes ved sjukehusopphald eller ferie, vil tildelte timar falle bort. Brukar har ikkje anledning til å samle opp tildelte timar, kun etter avtale med avdelingsleiar for heimetenesta.

2.10 Helsetenester i heimen

2.10.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav a.

I lova står det at kommunen pliktar å tilby helsetenester som ytes i heimen. Det blir gjeve i form av heimesjukepleie eller psykisk helseteneste.

2.10.2 Om tenesta- heimesjukepleie

Heimesjukepleie blir gitt til akutt og kronisk sjuke, utan omsyn til alder og økonomi, som bur eller har mellombels opphald i kommunen. Heimesjukepleia er ei døgnteneste.

Heimesjukepleia utfører dei oppgåvene som den pleietrengande ikkje klarer sjølv.

- Hjelp til personleg stell og hygiene.
- Hjelp til tilrettelegging ved måltid.
- Sårbehandling, injeksjon, blodprøver for pleietrengande som ikkje kan oppsøkje helsesenteret.
- Administrasjon av medikament.
- Pleie av alvorleg sjuke og terminalpleie.
- Tilsyn, rådgjeving og tilrettelegging i forhold til sjukdom og førebygging.
- Opplæring og vedlikehald av ferdigheit for å ivareta eiga helse.

Vi vil som hovudregel utgreie personen sitt rehabiliteringspotensiale før vi innvilger ordinære heimetenester. Bruk av Kvardagsrehabilitering vil bli vurdert med mål om at pasienten skal mestre personlege gjeremål, som til dømes dusj og ta på/av støttestrømper.

Tilsyn i form av besøk eller telefonoppfølging skal ha ei konkret hensikt og vere grunngeve fagleg. For brukar med trygghetsalarm blir det i utgangspunktet ikkje innvilga tilsynsbesøk.

For personar som har behov for bistand til medikamenthandtering blir det lagt vekt på om vedkommande kan bestille og hente ut multidose på apoteket sjølv eller med bistand frå familien. Der medikamenthandtering/dosett er det einaste tiltaket ein person har behov for bistand til vil det normalt sett ikkje bli innvilga heimesjukepleie.

Bistand til sårskift, injeksjonar og blodprøver blir ikkje innvilga der det er vurdert at personen kan oppsøke Helsesenteret og dette er det einaste tiltaket personen har behov for bistand til.

Heimesjukepleia har plikt til å ta kontakt når trygghetsalarm er løyst ut.

2.10.2.1 Målsetting

Heimesjukepleia skal ved hjelp av sine tenester førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne.

2.10.2.2 Vilkår for å få tenesta

- Tenesta blir tildelt personar som bur eller oppheld seg i kommunen og som oppfyller kriteria for å få nødvendig helsehjelp.
- Brukar må heilt eller delvis ha behov for hjelp til å ivareta eiga helse på ein fagleg forsvarleg måte.

2.10.2.3 Praktiske spørsmål:

Ved innføring av multidosett kan det bli innført egenbetaling. Det vil bli informert om dette i enkeltvedtak eller informasjonsbrev.

2.10.3 Om Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste skal tilby tenester til menneske med psykiske lidingar, og/eller ruslidingar, menneske i krise og sorg, og til pårørande. Tenesta skal bidra med støtte og hjelp til pasienter som har varig eller midlertidig nedsatt evne til egenomsorg.

- Tenesta kan bli gjeve i eller utanfor heimen i form av samtaler eller som aktivitetstilbod.
- Tenesta kan bli gjeve individuelt eller som gruppetilbod. Dette blir avklart med brukar og presisert i enkeltvedtaket.
- Tenesta er eit lågterskel-tilbod, og det er ikkje nødvendig med henvising frå lege.

- Tenesta skal arbeide forebyggende og bidra med ettervern, til dømes når brukaren har vore innlagt i sjukehus.
- Alle som blir melde inn til psykisk helseteneste skal få tilbud om ei inntakssamtale eller bli kontakta snarest rå og seinast innan 14 dagar. Målsettinga med inntakssamtalen er å kartlegge brukaren sitt behov for vidare oppfølging.

2.10.3.1 Målsetting:

Psykisk helseteneste skal arbeide for at brukar og/eller pårørande skal oppleve å mestre eige liv. For å oppnå dette, skal tenesta bidra til eit gjensidig samarbeid med utgangspunkt i brukaren sine ressursar.

Tenesta skal sjå menneskje i heilheit og vektlegge eit best mogleg og verdig liv for brukaren med hans eller hennar moglegheiter og avgrensingar.

Tenesta skal tenke familie og nettverk. Tenesta skal bidra til å fange opp barn av menneskjer med psykisk liding eller rusliding og ha lav terskel for samarbeid med Helsestasjon.

2.10.3.2 Vilkår for å få tenesta

Tildeling skjer etter munnleg henvending til teneste for psykisk helse eller på Vågå kommune sitt søknadsskjema. Vurdering av søknaden blir gjort av teneste for psykisk helse. Søknaden blir normalt ikkje behandla i vurderingsteamet, men vedtak blir fatta av leiar for tildeling og samhandling i samråd med fagleg ansvarleg for tenesta. Unntak der det er behov for koordinerte tenester.

2.10.3.3 Praktiske spørsmål

Ved innføring av multidosett kan det bli innført eigenbetaling. Det vil bli informert om dette i enkeltvedtak eller informasjonsbrev.

3 Pårørandestøtte og avlastningstiltak

3.1.1 Lovheimel:

Pårørandestøtte kan bli tildelt med heimel i Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 og er støtte til pårørande som har eit **særleg tyngande** omsorgsarbeid for personar som har eit stort omsorgsbehov på grunn av alder, funksjonshemming eller sjukdom.

3.1.2 Om tenesta

Formålet med avlastning er at omsorgsytar skal få avlastning frå sine daglege omsorgsoppgåver for å unngå å bli utslitt og for å klare å halde fram med omsorgsoppgåva. Vidare at den som har den daglege omsorga skal få nødvendig kvile, ferie og fritid. Avlastning kan bli gjeve i eller utanfor heimen.

3.1.2.1 Avlastingsheimar

Tenesta kan gjevast til familiar med hjelpetrengande barn som bur heime. Den kan gjevast ved at barnet får opphald i tilrettelagt kommunal avlastningsbustad i avtalt tidsrom, eller at barnet får opphald i annan familie, til dømes i helger.

3.1.2.2 Avlastning i eigen heim

Avlastning kan bli gjeve heime hjå den hjelpetrengande. Omfang og type teneste blir innvilga etter individuell vurdering og vil bli spesifisert i enkeltvedtaket.

3.1.2.3 Avlastingsopphald ved Vågåheimen

Tenesta omfattar tidsavgrensa opphald ved Vågåheimen for den som er hjelpetrengande, og inneheld pleie og omsorg – ikkje utredning, behandling og rehabilitering.

3.1.3 Vilkår for å få tenesta

- Personar som har ei særleg tyngande omsorgsoppgåve.
- At den hjelpetrengande er i behov for nødvendig helse- og omsorgshjelp.
- At omsorgsbehovet er slik at den hjelpetrengande ikkje kan vera aleine heile eller deler av døgnet og som gir omsorgsytar avgrensa moglegheit for nødvendig og regelmessig ferie og fritid.
- Tenesta blir gjeve til personar som har ei omfattande og langvarig omsorgsoppgåve.

3.1.4 Praktiske opplysningar:

Det er ingen eigenbetaling for avlastning. Vågå kommune betalar for transport til og frå heimen etter Statens satsar for reisegodtgjersle. Om ikkje omsorgsytar kan bistå med transport vil kommunen tilby anna egne transportmiddel.

3.1.5 Omsorgsstønad

3.1.6 Lovheimel:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3–6.

I lova står det at kommunen skal ha tilbod om omsorgsstønad til personar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid for eldre, sjuke eller funksjonshemma personar. Kommunen pliktar å ha eit tilbod og å avsette midlar i budsjettet til ordninga, men det er ikkje eit individuell rettskrav for innbyggjarane.

3.1.7 Om tenesta

Omsorgsstønad er ei økonomisk godtgjersle til den som yter pleie til nære pårørande eller andre. Omsorgsstønad blir innvilga der kommunen ser at privat omsorg er best egna. Kommunen kan tilby anna hjelp dersom det er vurdert som ei betre løysing for brukaren. Omsorgsstønad er ikkje ei teneste ein automatisk har krav på, men blir fastsett etter kartlegging, heilskapleg og individuell vurdering.

3.1.8 Målsetting

Ordninga med omsorgsstønad skal medverke til best mogleg omsorg for dei som treng hjelp i dagleglivet og å gjera det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet.

3.1.9 Vilkår for å få tenesta

- At søker har ei særleg tyngande omsorgsoppgåve.
- At omsorgsarbeidet gjeld nødvendige omsorgsoppgåver.
- At det er ein varig omsorgssituasjonen.
- At omsorg frå søkeren er det beste for den omsorgstrengande.

Vågå kommune følgjer føringar og moment i [Rundskriv I-42/98 "Retningslinjer for omsorgslønn"](#) .

3.1.10 Våre forventningar til brukar:

Er inneforstått med at kommunen kan krevja at den som søker omsorgsstønad må søkje hjelpstønad før søknad om omsorgsstønad blir behandla.

3.1.11 Praktiske opplysningar

Ytinga omsorgsstønad tek slutt umiddelbart og utan skriftleg varsel når behovet til omsorgsmottakar blir borte. Omsorgsstønad blir sett på midlertidig opphøyr ved innleggelse i sjukehus eller institusjon. Omsorgsstønadmottakar pliktar til å informere kommunen om slike forhold og melde ifrå dersom hjelpebehovet blir endra.

3.2 Korttidsopphald

3.2.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav c.

3.2.2 Om tenesta

Korttidsopphald er eit teneste tiltenkt personar som til vanleg bur i eigen heim, men som treng døgntinuerleg tilsyn og omsorg for ei stuttare periode.

Korttidsopphald kan bli gjeve ved Vågåheimen, NGLMS på Otta og i særskilte tilfelle ved anna institusjon i regionen.

Korttidsopphald i sjukeheim er ei teneste til personar med akutt behov for tilsyn og omsorg. Dette kan vere pasientar som:

- Er utskrivne frå sjukehus, men treng eit opphald i sjukeheim før brukar kan heim.
- Treng utredning og/eller behandling.
- Observasjon og vurdering av medisinsk behandling og/eller hjelpebehov.
- Treng terminalpleie og palliativ behandling.

3.2.3 Målsetting

- medisinsk utredning og/eller behandling
- oppretthalde, eventuelt auke funksjonsnivå
- førebygge og lindre av fysiske og psykiske symptom
- førebygge langtidsopphald i sjukeheim

3.2.4 Vilkår for å få tenesta

- Tildeling skjer etter kartlegging og individuell vurdering med bakgrunn i brukar sitt bistandsbehov.
- Brukar har eit tidsavgrensa, omfattande hjelpebehov der ein ikkje kan gje fagleg forsvarleg helsehjelp i heimen.
- Brukar som har behov for observasjon ved vurdering av hjelpebehov og vidare behov for tenestenivå.

3.2.4.1 Praktiske spørsmål:

Brukar betalar ein døgnpris og beløp står i enkeltvedtaket. Satsane blir justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Tenesta kan bli gjeve i institusjon i eller utanfor Vågå kommune. Om det ikkje er kapasitet ved Vågåheimen kan tenesta bli innvilga ved Nord- Gudbrandsdal lokalmedisinske senter eller ved sjukeheim i ei nærliggjande kommune.

3.3 Kvardagsrehabilitering

Kvardagsrehabilitering passar for heimebuande brukarar som ikkje lenger meistrar dagleglivets aktivitetar som før. Dette er ein tidleg og tidsavgrensa rehabilitering, der opptrening i daglege gjeremål skjer i eiga heim og nærmiljø. Brukarens eigne mål står sentralt og kvardagsrehabilitering startar alltid med spørsmålet «Kva er viktige aktivitetar for deg?».

3.3.1 Målsetting med kvardagsrehabilitering

At brukaren skal meistre kvardagsaktivitetar, få auka livskvalitet og meistre å bu lengst mogleg i eigen heim.

3.3.2 Vilkår for å få tenesta

- Nye søkarar til heimebaserte tenester (som heimesjukepleie, praktisk bistand, matombringing, tekniske hjelpemiddel, tryggleiksalarm). Kan òg vere aktuelt for brukarar som søker om meir hjelp enn dei har frå før.
- Brukarar som blir skrivne ut frå sjukehus, frå rehabiliteringsopphald i spesialisthelsetenesta eller frå rehabiliterings-/korttidsopphald i kommunen, og som ikkje får tilbod om tradisjonell rehabilitering.
- Brukarar som har avslutta tradisjonell rehabilitering, men som kan ha nytte av kvardagsrehabilitering.
- «Sårbare eldre» (eldre med vekslende funksjonsnivå, låg ganghastighet, falltendens)
- Brukarar må klare å sette ord på eigne aktivitetsutfordringar og vere motivert eller kunne motiverast til eiga innsats.

3.3.3 Praktiske spørsmål

Eit fagteam, bestående av fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar vurderer om brukaren oppfyller vilkår for tenesta. Fagteamet gjer deretter eit kartleggingsbesøk. Om brukaren blir vurdert til å være egna for kvardagsrehabilitering ut i frå oppsatte vilkår, så vil det bli utarbeidd ein individuell treningsplan.

Tiltaket er tidsavgrensa i 4 veker. Tenesta er vederlagsfri.

Brukaren treng ikkje henvising til fysioterapi, men søker Tildelingskontoret (munnleg eller skriftleg) slik som for andre tenester.

Brosjyre for kvardagsrehabilitering ligg på heimesida til Vågå kommune. I tillegg vil det bli lagt ut brosjyre på Vågå helsesenter, servicetorget og Frivilligsentralen i Vågå.

3.4 Langtidsopphald og bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester

3.4.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav c, og § 3-2 a.

Vågå kommune har ei lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald og bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester (FOR-2017-06-13-799). Denne er kunngjort på lovdata.no.

3.4.2 Om tenesta

Langtidsopphald i sjukeheim er eit bu- og behandlingstilbod for personar med behov for heildøgns pleie- og omsorgsbehov, og som ikkje kan gjevast forsvarleg helsehjelp i heimen.

Langtidsopphald i sjukeheim inneber

- Eit døgnkontinuerleg pleie- og omsorgstilbod som ikkje er tidsavgrensa.
- Regelmessig tilsyn av tilsynslege og etter fagleg vurdering.
- Kontakt med spesialisthelseteneste og tannhelseteneste etter behov.
- Tilbod om fysio- og ergoterapeutteneste etter fagleg vurdering.

Personar som får tildelt bustad tilrettelagt for heildøgntenester blir definert som heimebuande og vil få tildelt helse- og omsorgstenester etter individuell vurdering.

3.4.3 Målsetting

Opphaldet skal ivareta behovet for heildøgns pleie- og omsorg. Opphaldet skal sikre at brukaren får eit verdig, trygt og meningsfylt liv på institusjon.

3.4.4 Vilkår for å få tenesta

Kommunen følgjer vurderingsmoment som er heimla i lokal forskrift.

3.4.5 Praktiske spørsmål:

Brukar med langtidsopphald betalar vederlag i samsvar til forskrift for vederlag i institusjon. Rekning blir sendt månadsvis.

Vederlag for oppholdet skal omfatte kost, losji, nødvendig tannbehandling, medisin med meir, samt helsetenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1.

Bebuar i bustad tilrettelagt for heildøgntenester betalar husleige, som blir sett i husleigekontrakt og blir justert årleg i gebyrregulativet. Betaling for tenester skjer i samsvar med eigenbetalingsforskrifta kapittel 2.

4 Link til relevant litteratur for brukar og pårørande:

[Informasjonsbrosjyre om IPLOS.](#)

[Pasient og brukarombudet](#)